



## LEIARKOMMENTAR TIL REKNESKAPEN FOR 1. TERTIAL 2024

### Stadfesting

Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører samfunnsoppdraget innanfor dei rammer som Kunnskapsdepartementet (KD) har sett for institusjonen i løyvingsbrev for 2024. Rekneskapen gir eit dekkande bilde av HVL sine rekneskapsførte inntekter, utgifter, eigendeler, verksemdskapital og gjeld. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med føresegnar om økonomistyring i staten, reglane i dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement. Leiarkommentaren og rekneskapen er sett opp i høve til dei rapporteringstidspunkt som er gitt av departementet i brev av 06.12.2023 og 12.04.2024.

Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.

### Avvik mellom budsjett og rekneskap og vurdering av institusjonen si drift i perioden

Høgskulen på Vestlandet har i 2024 fått tildelt løyving frå Kunnskapsdepartementet på 2,5 mrd. kr. der vi har inntektsført 875 mill. kr. pr 1. tertial. og 4,5 mill. frå Arbeids- og inkluderingsdepartement til tolkeutdanninga. Inntektene er redusert for investering og lagt til avskrivningar i henhold til SRS 10 og inntekter frå løyving er etter dette 898 mill. kr.

Totalt har Høgskulen på Vestlandet inntekter per 30.04.2024 på 1.003 mill. kr., og for same perioden i 2023 var inntektene 896 mill. kr. noko som utgjer ein auke på 108 mill. kr. Auken i inntekter er frå KD løyving med 94 mill. kr., dette skuldast auka løyving og at vi har inntektsført KD-løyving i takt med kostnadane jf SRS 10. Bidrags- og oppdragsinntekter og andre inntekter har auka med 14 mill. kr.

Samanliknar vi inntektene mot budsjettet for 1. tertial 2024, hadde HVL budsjettert med totale inntekter på 999 mill. kr. og rekneskapen viser totalt 1.003 mill. kr. Dette gir eit avvik på 0,5%.

Tabell 1 - Inntektsfordeling

	Rekneskap 30.04.2024	Budsjett 30.04.2024	Rekneskap 30.04.2023	Avvik mot budsjett i %	Endring i % frå 2023
Inntekt frå løyving	897 775	889 072	803 720	1,0 %	11,7 %
Tilskot og overføringar frå andre	64 491	76 159	58 452	-15,3 %	10,3 %
Sals- og leigeinntekter	37 182	29 534	29 622	25,9 %	25,5 %
Andre driftsinntekter	4 184	4 160	4 035	0,6 %	3,7 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 003 632</b>	<b>998 925</b>	<b>895 829</b>	<b>0,5 %</b>	<b>12,0 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Totale driftskostnader utgjer pr 1. tertial 2024 1.015 mill. kr. i 2023 958 mill.kr. og utgjer ein auke på 5,9%.

Løn- og sosiale kostnader har auka med 40 mill. kr. frå same periode i 2023 og utgjer ein auke på 6,5%. Det er ein auke i fastløn, og skuldast lønsoppgjøret for 2023 på 5,2% og auka avsetningar til Statens

pensjonskasse. HVL har hatt ein reduksjon på 15 årsverk frå 30.04.2023 til 30.04.2024. Samanliknar vi løn og sosiale kostnader mot budsjett, er det eit lite mindreforbruk.

Andre driftskostnader per 30.04.2024 er auka med 12 mill. kr, som er ein endring på 3,9% i høve same periode for 2023. Auken skuldast generell prisvekst. Det er eit lite mindreforbruk i høve budsjett på 5,2 mill. kr, som utgjer 1,6%.

Avskrivningar er auka med 4,5 mill. kr og heng saman med auka investeringar i 2022 og 2023.

**Tabell 2 - Driftskostnader**

	Rekneskap 30.04.2024	Budsjett 30.04.2024	Rekneskap 30.04.2023	Avvik mot budsjett i %	Endring i % frå 2023
Løn og sosiale kostnader	660 537	662 992	620 089	-0,4 %	6,5 %
Andre driftskostnader	322 728	327 997	310 705	-1,6 %	3,9 %
Avskrivningar	31 840	30 000	27 323	6,1 %	16,5 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1 015 105</b>	<b>1 020 989</b>	<b>958 117</b>	<b>-0,6 %</b>	<b>5,9 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

HVL vurderer den økonomiske stillinga som krevjande. Vi ser at det vil bli større økonomiske utfordringar og sterkare prioriteringar i tida framover. HVL har stort fokus på økonomisk styring og har ein prosjektgruppe som ser på den interne fordelingsmodellen i lys av nytt finansieringssystem.

Innskot i statens konsernkonto er redusert med 100 mill. kr. sidan 31.12.2023, og bankinnskot utgjer 934 mill. kr. pr 30.04.2024. Likviditetsgraden (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) er 1,5 og er på same nivå som for 2023.

### **Utvikling i avsett del av løyingsfinansiert aktivitet frå KD**

30.04.2024 har Høgskulen på Vestlandet 169 mill. kr. i avsette midlar av løyvinga frå Kunnskapsdepartementet, som inneheld ei periodisering på 43 mill. kr. av inntekta frå KD. Ved utgangen av 2023 hadde Høgskulen ei avsetting på 225 mill. kr., noko som gjev ein reduksjon på 56 mill. kr. Det totale avsetningsnivået per 30.04.2024 utgjer 6,89 % av KD løyvinga for 2024. Reduksjonen i avsetningar viser at HVL tærer på reservane og nyttar dei til subsidiering av drifta.

**Tabell 3 - Avsetningar**

	30.04.2024	Avsetning i % av KD løyving	31.12.2023	Avsetning i % av KD løyving
Avsetningar til andre føremål	109 565	4,47 %	98 823	4,19 %
Avsetningar til investeringar	59 401	2,42 %	126 071	5,34 %
<b>Sum avsetningar</b>	<b>168 966</b>	<b>6,89 %</b>	<b>224 894</b>	<b>9,53 %</b>

(Alle tal i heile tusen)

Avsetningane er splitta i to hovudkategoriar: Per 30.04.2024 er det avsett til andre formål 110 mill. kr og til investeringar 59 mill. kr. I prosent av ordinær løyving for 2024 utgjer avsetning til andre formål 4,47% og til investeringar 2,42%. Avsetninga til investeringar er spesifisert i investeringsplan for HVL og omtalt i avsnittet under.


### **Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar**

Styret vil vedta ny investeringsplan for HVL i styremøte 13. juni for perioden 2024-2026 på 59 mill. kr., som skal finansierast av avsetningar. For 2024 er det planlagt investeringar for 17 mill.kr., finansiert av avsetningar.



Høgskulen hadde bokførte aktiverte investeringar pr 1. tertial i 2024 på 14 mill. kr., ein reduksjon i frå 2023 på 7 mill. kr. Dei største investeringane er IT/AV utstyr og undervisnings- og laboratorieutstyr. Styret ha i møte 13. mai 2024 vedtatt at HVL kan underteikne ny husleigeavtale med Statsbygg for nybygg i Haugesund og med ombygging av eksisterande bygg. Avsetning på 38 mill. kr. er tenkt nytta til inventar og utstyr i prosjektet i 2026.

Det blir elles vist til rekneskapen for 1. tertial 2024 med tilhøyrande notar.



---

Gunnar Yttri, rektor